



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Driftsstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 07.06.2017  
**Tid:** 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Hild Våge	Nestleiar	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Petter Wiik	Inger Tove B. Simonnes	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	konstituert helse- og omsorgssjef

## SAKLISTE

**Saksnr.**      **Sak**  
PS 18/17      **Godkjenning av innkalling og sakliste**

PS 19/17      **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



## VOLDA KOMMUNE

- PS 20/17      **Politisk organisering - Reglement for Tenesteval for helse og omsorg (THO) og Tenesteval for oppvekst og kultur (TOK)**
- PS 21/17      **Samarbeidsavtale om eit meir demensvennleg samfunn**
- PS 22/17      **Garderobesituasjonen på Voldahallen**
- PS 23/17      **Orienteringssaker**
- OS 22/17      **Austefjord skule - politikarrepresentant i arbeidsgruppe**
- OS 23/17      **Sjukefråvær 1.kvartal 2017**
- OS 24/17      **1. Kvartalsrapport 2017**
- OS 25/17      **Årsmelding 2016 - Volda Kommune**
- OS 26/17      **Rekneskap 2016**
- OS 27/17      **Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 10.05.2017**
- OS 28/17      **Innkalling og referat frå møte i Samarbeidsutvalet Vikebygda den 18.05.17**
- OS 29/17      **Referat frå møte i SU Sollia barnehage den 02.05.17**
- OS 30/17      **Referat frå møte i Samarbeidsutvalet på Volda ungdomsskule den 18.05.17**
- OS 31/17      **Samarbeid mellom Kulturskulen og Volda skulekorps skuleåret 2017/2018**

**PS 18/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

Etter sakene skal driftsstyret på synfaring til barneavlastinga. Møtet blir då lukka.

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.06.2017**

***Innkalling og sakliste vart godkjend.***

**PS 19/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.06.2017**

***Møteprotokoll frå førre møte 10.05.2017 vart godkjend.***



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 20/17 Politisk organisering - Reglement for Tenesteutval for helse og omsorg (THO) og Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK)**

#### **Handsaming:**

Driftsstyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak.

**Røysting:** (ni røysteføre)

**Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 07.06.2017 til kommunestyret**

*Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.*

*Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.*

### **PS 21/17 Samarbeidsavtale om eit meir demensvennleg samfunn**

**Røysting:** (ni røysteføre)

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.06.2017**

*Volda kommune inngår samarbeidsavtale om eit meir demensvenleg samfunn med Nasjonalforeningen for folkehelsen.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune inngår samarbeidsavtale om eit meir demensvenleg samfunn med Nasjonalforeningen for folkehelsen.*

### **PS 22/17 Garderobesituasjonen på Voldahallen**

#### **Handsaming:**

Fellesframlegg:

*Driftsstyret vil berømme ungdomsrådet for at dei har teke tak i denne saka vedørande Voldahallen. Driftsstyret meiner dette er tiltak som bør kunne dekkast innan ramma til eigedomsavdelinga og ber om at følgjande 3 kulepunkt, henta frå vedtak i ungdomsrådet, snarast vert retta opp i.*

*Ynskje om forbetring i garderobane i Voldahallen*

*- Største utfordringa er at garderobane ikkje er merka med dame og herre. Dette skaper*



## VOLDA KOMMUNE

*naturleg nok forvirring og usikkerheit i omkleddingssituasjonar.*

*- Det er stort ynskje om ein skjermvegg når ein kjem inn og når ein går ut av garderobane- slik det er no er det direkte innsyn når ein opnar døra frå gangen.*

*- garderobane manglar ofte tørkepapir, såpe og spegel er kanskje luksus, men eit stort ynskje å få på plass*

*Driftsstyret vil i tillegg oppmode om at fyrstehjelpsskrin vert gjort lett tilgjengelege i hallen.*

**Røysting:** (ni røysteføre)

### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.06.2017**

*Driftsstyret vil berømme ungdomsrådet for at dei har teke tak i denne saka vedørande Voldahallen. Driftsstyret meiner dette er tiltak som bør kunne dekkast innan ramma til eigedomsavdelinga og ber om at følgjande 3 kulepunkt, henta frå vedtak i ungdomsrådet, snarast vert retta opp i.*

#### *Ynskje om forbetring i garderobane i Voldahallen*

*- Største utfordringa er at garderobane ikkje er merka med dame og herre. Dette skaper naturleg nok forvirring og usikkerheit i omkleddingssituasjonar.*

*- Det er stort ynskje om ein skjermvegg når ein kjem inn og når ein går ut av garderobane- slik det er no er det direkte innsyn når ein opnar døra frå gangen.*

*- garderobane manglar ofte tørkepapir, såpe og spegel er kanskje luksus, men eit stort ynskje å få på plass*

*Driftsstyret vil i tillegg oppmode om at fyrstehjelpsskrin vert gjort lett tilgjengelege i hallen.*

### **PS 23/17 Orienteringssaker**

#### **OS 22/17 Austefjord skule - politikarrepresentant i arbeidsgruppe**

##### **Handsaming:**

Driftsstyret tek meldinga til vitende.

#### **OS 23/17 Sjukefråvær 1.kvartal 2017**

##### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.



## **OS 24/17 1. Kvartalsrapport 2017**

### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

## **OS 25/17 Årsmelding 2016 - Volda Kommune**

### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

## **OS 26/17 Rekneskap 2016**

### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

## **OS 27/17 Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 10.05.2017**

### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

## **OS 28/17 Innkalling og referat frå møte i Samarbeidsutvalet Vikebygda den 18.05.17**

### **Handsaming:**

Uthman Abu Harbid, som er driftsstyret sin SU representant, delte ut eit brev som Vikebygda skule har sendt til kommunen for ei tid sidan, men ikkje fått svar på. Det gjeld trafikktrygging av skulevegen til Vikebygda skule. Uthman har vore i kontakt med sakshandsamar i teknisk sektor, så skulen har no fått eit svar på henvendingane sine.

Driftsstyret tek orienteringa frå SU sitt møte 18.05.16 til vitende.



## VOLDA KOMMUNE

### **OS 29/17 Referat frå møte i SU Sollia barnehage den 02.05.17**

#### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

### **OS 30/17 Referat frå møte i Samarbeidsutvalet på Volda ungdomsskule den 18.05.17**

#### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

### **OS 31/17 Samarbeid mellom Kulturskulen og Volda skulekorps skuleåret 2017/2018**

#### **Handsaming:**

Driftsstyret tek orienteringa til vitende.

### **Synfaring på barneavlastinga**

Driftsstyret skal på synfaring på barneavlastinga. Møtet vert då lukka jfr. § 13 i forv.lova. Kjell Petter Wiik fekk no permisjon og gjekk før synfaringa.

#### **Røysting:** (ni røysteføre)

Møtet vart samrøystes lukka.

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
8. juni 2017

*Bente Kristin Krøvel*  
møtesekretær